



NVE

Bakgrunn for vedtak

## Neselva II kraftverk

Gloppen kommune i Vestland fylke



NVE

Norges vassdrags-  
og energidirektorat

Tiltakshavar	OK Energi (SUS)
Referanse	201842315-28
Dato	15.10.2024
Ansvarleg	Carsten Stig Jensen
Sakshandsamar	Hanne Torsdatter Petlund

*Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.*



## Samandrag

### Kva søker OK Energi om?

OK Energi (selskap under stifting) søker om å få byggje Neselva II kraftverk i Gloppen kommune, Vestland fylke. Kraftverket vil nytte ei fallhøgde på 95 m i Neselva, med inntak på kote 290 og kraftstasjon på kote 195. Middelvassføringa er berekna til 1,74 m<sup>3</sup>/s. Installert effekt vil vere 3,4 MW, og minste og største slukeevne er høvesvis 0,45 m<sup>3</sup>/s og 4,5 m<sup>3</sup>/s. Omsøkt minstevassføring er 200 l/s i sommarperioden og 100 l/s i vinterperioden. Lengda på råka elvestrekning og vassvegen er høvesvis 400 m og 420 m. Vassvegen er planlagt nedgraven heile vegen som dels lausmassegrøft og fjellgrøft. Ein tidlegare søknad for Neselva II kraftverk fekk avslag av Noregs vassdrags og energidirektorat (NVE) i 2014 av omsyn til sårbare naturtypar og fossane i øvre del av fallstrekninga. Avslaget vart seinare stadfesta av Olje- og energidepartementet (OED). Det vert no søkt om ei redusert utbygging.

### Kva meiner høyringspartane om tiltaket?

Høyringspartane er meir positive til tiltaket som det no ligg føre samanlikna med tidlegare planar for Neselva II kraftverk. I noverande planar vert berre den nedste av fossane påverka, og ein mindre del av bekekløfta.

**Gloppen kommune** var positive til tidlegare utbyggingsplanar. Dei legg til grunn at kommunen si tidlegare handsaming òg er dekkjande for denne saka, og konkluderer med at dei ikkje har nokre merknader.

**Statsforvaltaren i Vestland** (tidlegare Fylkesmannen i Vestland) rår ifrå løyve til Neselva II kraftverk, ut frå ei vurdering av samla belastning i området. Utbygginga vil påverke viktige naturtypar og friluftsiresser knytt til elva. Sekundært legg Statsforvaltaren til grunn at NVE set vilkår om at minstevassføringa om sommaren vert auka til 5-persentilnivå, som er 930 l/s.

**Vestland fylkeskommune** (tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune) meiner dei grepa som har vorte gjort i den nye søknaden gjer at dei negative konsekvensane for miljø er vesentleg reduserte, og fylkesutvalet opprettheld ei positiv innstilling til tiltaket. Dei minner elles om undersøkingsplikta i kulturminnelova. I fylkeskommunen si tilleggsfråsegn understrekar dei at det er viktig med tilstrekkeleg minstevassføring, og påpeikar at delar av nedbørfeltet til Neselva ligg innanfor eit viktig friluftsområde.

**Statens vegvesen region vest** skriv at avkøyrseplanen til tilkomstvegen til kraftstasjonen må verte utbetra i samsvar med krava i vegnormalane i handbok N 100, og at brua til fylkesvegen over Neselva ikkje må ringast som følgje av tiltaket.

**Direktoratet for mineralforvaltning** skriv at dei ikkje har innvendingar mot tiltaket om det vert gjennomført som omsøkt. Dei meiner likevel at temaet mineral er noko mangelfullt utgreia i søknaden, og påpeikar at det finst ein grusførekomst av lokal verdi like aust for Neselva.

**SFE Nett AS** opplys om at i 22 kV-nettet er det ledig kapasitet for Neselva II kraftverk. Det kan måtte gjerast utbetringar i overliggande nett.

**Ester Løvland, Atle Løvland, Tor Inge Løvland og Sissel Ness** har i eit brev uttrykt bekymring for støypingar frå kraftverket. Dei er òg bekymra for stråling frå kabelen som er planlagt nær deira eigedommar, og for skadar på vegen opp til bustadene deira under anleggsperioden.

### Kva gjev NVE løyve til?

NVE gjev OK Energi løyve til å byggje og drive Neselva II kraftverk i tråd med dei omsøkte planane, men fastset ei høgare minstevassføring enn det som vert søkt om. I søknaden vert det søkt om ei minstevassføring på 200 l/s i frå 1. mai til 30. september og 100 l/s frå 1. oktober til 30. april. To av



høyringspartane meiner storleiken på minstevassføringa er viktig, og éin meiner den føreslegne minstevassføringa er for låg og har bedt om høgare minstevasslepp. NVE er samd i dette, og set krav om at minstevassføringa vert auka til 930 l/s om sommaren, tilsvarande 5-persentilen. Dette for å ivareta dei verdifulle naturtypene i tiltaksområdet, og til dels av landskapsomsyn og samla belastning.

### **Kvifor gjev NVE løyve?**

NVE meiner fordelane ved utbygging av Neselva II kraftverk er større enn ulempene. Utbygginga vil med NVE sine vilkår gje ein gjennomsnittleg årsproduksjon på 9,5 GWh, som svarar til straumbruken til om lag 475 bustader. NVE legg til grunn at utbygginga vil medføre noko negative verknader for naturmangfald, spesielt dei to viktige naturtypene bekkekløft og fossesprøytsone. NVE meiner at med tilstrekkeleg krav om minstevassføring er det mogleg å ivareta dei verdifulle naturtypene. På same tid er òg minstevassføringa vesentleg for å redusere verknadene for landskap i eit område som er sterkt prega av vasskraftutbygging.

### **NVE sin konklusjon**

**Etter ei heilskapsvurdering av planane og dei føreliggjande fråsegnene meiner NVE at fordelane av tiltaket som vert søkt om er større enn skadar og ulemper for ålmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev OK Energi løyve etter vassressurslova § 8 til bygging av Neselva II kraftverk. Løyvet vert gjeve på nærare fastsette vilkår.**

### **Innhald**

SAMANDRAG .....	1
SØKNAD .....	3
HØYRING OG DISTRIKTSHANDSAMING .....	7
NVE SI VURDERING .....	13
NVE SIN KONKLUSJON .....	24
FORHOLDET TIL ANNA LOVVERK .....	25
MERKNADER TIL KONSESJONSVILKÅRA ETTER VASSRESSURSLOVA .....	26
VEDLEGG - DETALJKART OVER TILTAKET .....	30



## Søknad

NVE har fått følgende søknad frå OK Energi, datert 09.02.2019:

**«Søknad om konsesjon for bygging av Neselva II kraftverk med redusert fallhøgde**  
OK Energi AS (sus) ønsker å bygge 2. byggesteg i Neselva i Gloppen kommune i Sogn og Fjordane fylke, og søker med dette om følgende løyve:

1. Etter vassressurslova, jf. § 8, om løyve til:

- å bygge Neselva II kraftverk

Kraftverket blir tilknytta det eksisterande 23 kV nettet og det blir inngått avtale om bygging og drift av høgspenningsanlegget med områdekonsesjonæren SFE Nett AS.»

## Hovuddata

### TILSIG

### Hovudalternativ

Nedbørfelt	24 km <sup>2</sup>
Årleg tilsig til inntaket	77,9 mill.m <sup>3</sup>
Spesifikk avrenning	98 l/(s · km <sup>2</sup> )
Middelvassføring	2,47 m <sup>3</sup> /s
Alminneleg lågvassføring	0,14 m <sup>3</sup> /s
5-persentil sommar (1/5-30/9)	0,93 m <sup>3</sup> /s
5-persentil vinter (1/10-30/4)	0,12 m <sup>3</sup> /s

### KRAFTVERK

Inntak	290 moh.
Avløp	195 moh.
Lengd på råka elvestrekning	400 m
Brutto fallhøgde	95 m
Midlare energiekvivalent	0,20 kWh/m <sup>3</sup>
Slukeevne, maks	4500 l/s
Minste driftsvassføring	450 l/s
Omsøkt minstevassføring, sommar	200 l/s
Omsøkt minstevassføring, vinter	100 l/s
Tilløpsrøyr, diameter	1200 mm
Tilløpsrøyr/tunnel, lengd	420 m
Installert effekt, maks	3,4 MW
Brukstid	3364 timar

### PRODUKSJON

Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	2,9 GWh
Produksjon, sommar (1/5 - 30/9)	8,5 GWh
Produksjon, middel	11,4 GWh/år

### ØKONOMI

Utbyggingskostnad (2018)	45 mill. kr
Utbyggingspris (2018)	3,94 kr/kWh



## Elektriske anlegg

### GENERATOR

---

Yting	4,0 MVA
Spenning	690 kV

### TRANSFORMATOR

---

Yting	4,0 MVA
Omsetning	0,23 kV/23 kV

### NETTILKNYTING

#### (kraftleidningar/kablar)

---

Lengd	500 m
Nominell spenning	23 kV
Tilknytingsløyising	Jordkabel

---

### Om søkjar

OK Energi er eit privat aksjeselskap under stifting, eigd av grunneigarane som har fallrettar i prosjektet.

### Beskriving av området

Utbyggingsområdet ligg på Nes/Ytre Kandal i Gloppen kommune i Vestland fylke, om lag 10 km søraust for kommunesenteret Sandane. Sjølve Neselva er ei vestleg sideelv i Breimsvassdraget, som er eit av dei største vassdraga i tidlegare Sogn og Fjordane fylke.

Neselva har eit høgtliggjande nedbørfelt. Elva er om lag 2,3 km lang og renn med varierende fall i eit kupert fjellandskap i austleg retning, før ho til slutt renn ut i den regulerte innsjøen Breimsvatnet. I øvre del renn Neselva relativt roleg, men fell deretter bratt gjennom eit trangt gjel med strie stryk og nokre fossefall. Dei øvre delane av nedbørfeltet ligg innanfor Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde og får tilsig frå Sørsendalsbreen.

Området rundt Neselva består øvst av eit større urørt fjellområde, stølar og nedst spreidd busetnad og landbruksområde. Nedste del av nedbørfeltet er påverka av tekniske inngrep som vegar, 23 kV-kraftliner, jord- og skogbruk. Ved utløpet i Breimsvatnet kryssar fylkesveg 696 elva per bru. Dei fleste tekniske installasjonar og terrenginngrep er samla på sørsida av vassdraget, og det går ein stølsveg langs sørsida av Neselva opp til Nesstøylen/Ytre Kandalsstøylen på om lag kote 480. Delar av området er hogstpåverka og stadvis tilplanta med gran. Nedbørfeltet vert beita av sau og geit.

Det er éin markert foss på den råka elvestrekninga. Inntaket er planlagt i overkant av denne fossen og like på nedsida av ein annan markert foss i Neselva. Elvebotnen består hovudsakeleg av fjell og stor stein. Vassføringsregimet er brepåverka og karakterisert av høg sommarvassføring og stabilt låg vintervassføring. Frå før av er det bygt eitt kraftverk i Neselva, Neselva I kraftverk. Dette vart idriftsatt i 2004, og nyttar fallet frå kote 195 ned til Breimsvatnet. Utløpet frå Neselva II kraftverk er planlagt å vere i inntaksdammen til Neselva I kraftverk.



## Teknisk plan

### *Inntak*

Kraftverksinntaket er planlagt plassert på kote 290. Det vil verte laga ein liten betongterskel på fjell over elva med lengd ca. 15 m og største høgd ca. 1,5 m. Elva vert leia inn i ein 30 m lang kanal med breidd 7 m. Ved enden av kanalen vert det støypt ein inntakskonstruksjon med varegrind, innløpskonus og stengeventil under bakkenivå. Inntakskanalen får eit vassvolum på ca. 700 m<sup>3</sup>, og vil tene som sedimenteringsbasseng. Det er planlagt slepp av minstevassføring, og inntaket er plassert i inntakskonstruksjonen nedstraums varegrinda. Inntaksområdet er skogkledd med granplantefelt og lauvskog.

### *Vassveg*

Frå inntaket på kote 290 vert driftsvatnet ført ned til kraftstasjonen gjennom eit 420 m langt nedgrave røyr av duktilt støypejern med diameter 1,2 m. Ved inntaket er det grunnlendt, og her vil røyrret liggje i utsprengt fjellgrøft. I nedre del går røyrtraseen gjennom eit større felt med planta gran og dyrka mark, og her vil røyrret hovudsakeleg liggje i lausmassegrøft. I anleggsfasen vil breidd på røyrtraseen vere maksimalt 25 m. For å sikre rask revegetering og naturleg utsjånad vert veksttorva lagt til side og nytta som topplag ved slutføringa av terrengplaneringa i røyrtraseen.

### *Kraftstasjon*

Kraftstasjonen er plassert på kote 200 ved inntaksbassenget til det eksisterande kraftverket Neselva I. Avløpet frå kraftstasjonen vert ført til inntaksbassenget gjennom ein kort kulvert. Det er planlagt installert to Francis-turbinar med effekt 2 x 1,7 MW og maksimal slukeevne 4,5 m<sup>3</sup>/s, i tillegg til to lågspentgeneratorar (690 V) med effekt 2 x 2 MVA. Vidare vert det installert éin hovudtransformator med effekt 4 MVA for omsetning frå generatorspenning til 23 kV. Hovudtransformatoren vert plassert inntil kraftstasjonshuset som ein integrert del. Kraftstasjonshuset er planlagt på innmark på kote 200, får eit areal på ca. 100 m<sup>2</sup>, og ei enkel utforming med mønetak og vegger av betong og trepanel.

### *Nettilknytning*

Kraftverket vert knytt til eksisterande nett med ein 500 m lang 23 kV-jordkabel. Eigaren av kraftverket vil inngå avtale med områdekonsesjonær SFE Nett AS om drift av høgspantanlegget. I samband med bygging av Neselva I kraftverk vart 23 kV-nettet i området rusta opp for òg å ta i mot kraftproduksjonen frå Neselva II kraftverk, og det er ifølgje søkjar ikkje naudsynt med nye tiltak på linenettet.

### *Vegar*

Eksisterande veg til inntaket for Neselva I kraftverk vert utbetra til 3,5 m breidd som permanent tilkomstveg til kraftstasjonen.

### *Massetak og deponi*

Tiltaket gjev ikkje behov for uttak eller deponering av massar.

### *Arealbruk*

For å gjennomføre utbygginga vil det vere behov for areal til mellombelse og permanente anlegg. Dei mellombelse anlegga (riggområde, mellomlager mm.) vil verte tilbakeførte når arbeidet er ferdig. Tiltaket er berekna å ha eit arealbehov på 14 dekar i anleggsfasen og 2,5 dekar i driftsfasen (sjå tabell under).



Inngrep	Mellombels arealbehov (daa)	Permanent arealbehov (daa)	Ev. merknadar
Reguleringsmagasin			
Overføring			
Inntaksområde	1	0,5	
Rørgate/tunnel (vassveg)	7	0	
Riggområde og sedimenteringsbasseng	2	0	
Vegar	2	1	
Kraftstasjonsområde	2	1	
Massetak/deponi			
Nettilknytning			

### Forholdet til offentlege planar

#### *Kommuneplan*

I kommuneplanen sin arealdel for Gloppen kommune 2023-2035, er området disponert til landbruks-, natur-, friluft- og reindriftsområde (LNFR). Ved ein eventuell konsesjon må tiltakshavar søkje kommunen om naudsynte dispensasjonar frå arealplanen.

#### *Verneplan for vassdrag*

Det føreligg ingen verneplanar for Breimsvassdraget og Neselva.

#### *Nasjonale laksevassdrag*

Ingen nasjonale laksevassdrag vert råka av ei utbygging av Neselva II kraftverk. I Breimsvatnet, nedstraums Neselva, er det ein storaurebestand av stor verdi. Han vil truleg ikkje verte råka av ei utbygging, då Neselva verkar å vere lite eigna for oppvandrande storaure. Terrenget er bratt og kupert, og nedstraums inntaksdammen til Neselva I kraftverk manglar det minstevassføring store delar av året.

#### *Andre verneområde*

Dei øvre delane av nedbørfeltet til Neselva ligg innanfor Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Sjølve influensområdet til Neselva II kraftverk ligg ikkje innanfor eller er i konflikt med verneområdet.

#### *Eventuelle fylkesvise eller kommunale planar for småkraftverk*

Området er ikkje nemnd i regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging for Sogn og Fjordane fylke frå 2012, eller i nyare regionale planar for Vestland fylke knytt til fornybar energi. Det føreligg ingen regional vassforvaltningsplan for området, som inngår i Nordfjord vassområde. Miljømål for vassførekomsten vert omtalt under kapittelet om vassforskifta.





## Høyring og distriktshandsaming

Søknaden er handsama etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentleg ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt til lokale styresmakter og interesseorganisasjonar, og dessutan råka partar for fråsegn. NVE var på synfaring i området den 11.06.2019 saman med representantar for søkjaren. Området vart i tillegg synfart sommaren 2014, i samband med NVE si første handsaming av Neselva II kraftverk. Dei innkomne høyringsfråsegnene har vore presenterte for søkjar for kommentar.

Høyringspartane sine eigne oppsummeringar er refererte der slike ligg føre. Andre fråsegner er forkorta av NVE. Fullstendige fråsegner er tilgjengelege på saka si nettside <https://www.nve.no/8238/V> og via offentleg postjournal.

NVE har fått følgjande merknader til søknaden:

**Gloppen kommune** uttalar følgjande i brev til NVE den 02.04.2019:

*«Eg viser til konsesjonssøknad for Neselva II kraftverk i Gloppen kommune som er lagt ut på høyring. Ein meir omfattande utbyggingsplan har tidlegare vore på høyring. Denne vart avslått av NVE og OED. Gloppen kommune hadde nokre innspel til søknaden, men var elles positiv til utbyggingsplanane.*

*Slik eg vurderer det er det nå gjort endringar som gjer tidlegare innspel frå Gloppen mindre relevante. Gloppen kommune var positiv til søknaden som vart avslått, og det er difor ingen grunn til at kommunen ikkje skal støtte denne søknaden. Vi legg til grunn at kommunen si tidlegare behandling av den meir omfattande konsesjonssøknaden også er dekkande for denne saka, og konkluderer med at Gloppen kommune ikkje har merknader.»*

**Fylkesmannen i Vestland** (no Statsforvaltaren i Vestland) uttalar følgjande i brev til NVE den 21.05.2019:

*«Fylkesmannen rår ifrå konsesjon til Neselva II kraftverk, ut frå vurdering av samla belastning i området. Utbygginga vil påverke ein viktig naturtype og friluftssinteresser knytt til elva. Sekundært legg vi til grunn at NVE set vilkår om at minstevassføringa om sommaren vert heva til 5-persentilnivå.*

[...]

### Omtale av tiltaket

*Kraftverket vil nytte 182 % av middelvassføringa i Neselva frå kote 290 til kote 195, og vil påverke ei 400 meter lang elvestrekning. Røyrsgata skal leggjast sydvest for elva. Eksisterande veg til inntaket for Neselva I skal utbetrast til 3,5 meter breidde som permanent tilkomstveg til kraftstasjonen. Planlagt minstevassføring er 0,2 m<sup>3</sup>/s i sommarperioden og 0,1 m<sup>3</sup>/s i vinterperioden.*

*Ein estimert årsproduksjon på 11,4 GWh vil bidra til å nå produksjonsmålet for ny grøn energi, og ha positiv økonomisk verknad for lokalsamfunnet og kommunen. Det er tidlegare avslått ein søknad på ein større versjon av Neselva II, på grunn av konflikt med fossesprøytonar og landskaps- og friluftsliv.*

### Naturmiljø, landskap og friluftsliv



Øvre delar av nedslagsfeltet inngår i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Det går ein tursti frå Nesstøylen og nordover inn i landskapsvernområdet og vidare til Ryssdalsstøylen. Innfart til denne turstien skjer på vegen mellom Ytre Kandal og Nesstøylen/Ytre Kandsalsstøylen, og dalføret er såleis ein innfallsport til landskapsvernområdet. Utbyggingsstrekninga er langs vegen opp til Kandsalsstøylen. Vi ber NVE framleis vurdere tiltaket ut frå at vassdraget har landskaps- og opplevingsverdi, slik ein gjorde i samband med vedtaket knytt til den første søknaden.

Tiltaksstrekninga vil påverke ein prioritert naturtype, «bekkekløft og bergvegg», utforming bekkekløft (verdi viktig – B). Det er avgrensa tre fossesprøytsoner, med utformingane fosseeng og fosseberg (alle med verdi viktig – B), i bekkekløfta, og ei utbygging vil påverke den nedste av desse. Redusert vassføring etter ei utbygging vil vere negativt for denne fossesprøytsona, og kan føre til at fosseenga gror att. Avbøtande minstevassføring vil avgjere i kva grad naturtypelokaliteten vert negativt påverka. Sett ut frå samla belastning på naturtypen meiner Fylkesmannen det er uheldig å opne for ytterlegare utbygging av Neselva.

#### Avbøtande tiltak

Planlagt minstevassføring om sommaren er berre 22 % av 5-persentilen, som har vorte eit vanleg nivå for nyare utbyggingar som vil påverke viktig naturmiljø eller friluftsliv. Vi konstaterer at vassutnyttinga er auka samanlikna med prosjektet som vart avlege (150 % til 182 % av middelvassføringa). På grunn av snørike fjellområde og noko brefelt har elva naturleg høg sommarvassføring, så ei minstevassføring på 0,2 m<sup>3</sup>/s kan opplevast som eit stort naturinngrep i store delar av sommarsesongen. Dersom det vert opna for tiltaket er det viktig med vilkår for å avbøte skade på fossesprøytsona, og oppretthalde elva som eit tydeleg landskapselement. Ut frå dette bør minstevassføringa hevast til 5-persentilnivå.

#### Samla belastning

Neselva I kraftverk utnyttar fallet frå kote 195 til Breimsvatnet kote 62, slik at avløpet frå eit eventuelt Neselva II vil gå rett over i det eksisterande kraftverket. Den opphavlege søknaden for Neselva II kraftverk som vart avslått var del av «Jølster-pakka», og i bakgrunnsnotatet for vedtaket vurderte NVE at tal kraftverk og utbygt del av vasskraftpotensialet i Gloppen kommune var høgt. Seinare har «Gloppen-pakka» på tolv småkraftsøknader vorte handsama, og sju nye utbyggingar i Gloppen kommune fekk konsesjon i 2016.

#### Konklusjon

Den nye og reduserte søknaden for Neselva II kraftverk vil påverke viktig naturmiljø og landskapsinteresser, men altså i mindre grad enn det opphavlege prosjektet. Vi vil likevel peike på at den nedste fossen kan høyrast og har viktig opplevingsverdi, sjølv om den er lite synleg frå sjølve stølsvegen. Også i det nye prosjektet vil viktige naturkvalitetar verte påverka. Fylkesmannen vil ut frå dette rå frå utbygging. Vi ber NVE vurdere den auka samla belastninga på vassdragsnaturen på nytt, i lys av alle konsesjonane som no er gitt i dette området. Dersom NVE opnar for utbygging av Neselva II legg vi til grunn at det vert vilkår om auka avbøtande minstevassføring.»

**Sogn og Fjordane fylkeskommune** (no Vestland fylkeskommune) uttalar følgjande i brev til NVE den 10.05.2019:



«[...] Fylkesutvalet handsama søknaden i møte 9. mai, sak 38/19. Dei gjorde følgjande vedtak:

1. Fylkesutvalet viser til si uttale til Neselva II frå møte 14.05.2014, sak 45/14. Dei grepa som er gjort i den nye søknaden gjer at dei negative konsekvensane for miljø er vesentleg reduserte, og fylkesutvalet opprettheld ei positiv innstilling til tiltaket
2. Tiltakshavar si undersøkingsplikt, jf. § 9 i lov om kulturminne, må oppfyllest før tiltaket kan iverksetjast.

Tiltaksområdet er vesentleg redusert med inntak trekt ned frå kote 380 moh til kote 290 moh. Elvestrekninga som vert påverka er halvert. Inntaksdammen er med desse grepa trekt lenger vekk frå Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Nærleiken til verneområdet var eit vesentleg poeng i vurderinga til NVE når dei av slo førre søknad. Av dei tre fossesprøytsonene som var registrerte, er det no berre den nedste som framleis er innanfor tiltaksområdet.

Fylkesrådmannen viser til at fylkesutvalet gjorde eit positivt vedtak ved førre søknad. Dei grepa som no er gjort gjer at tiltaket i enno større grad framstår som eit tiltak der fordelane er større enn ulempe for allmenne og private interesser.

Tiltakshavar si undersøkingsplikt, jf. §§ 9 og 10 i Lov om kulturminne, må oppfyllest før tiltaket kan setjast i verk. I den grad det er mogleg, må det ikkje gjerast skade på kulturlandskaps-element som geiler, vegar, steingardar, bakkereiner, bygningar eller andre synlege spor etter tidlegare landbruksaktivitet i området.»

**Statens vegvesen region vest** uttalar følgjande i brev til NVE den 03.05.2019:

«[...] I søknaden står det at «Eksisterende skogsbilvei til inntaket for Neselva vil bli utbedret som permanent vei til kraftstasjon». Eksisterende skogsbilvei har avkjørsel fra fv.696 (hp3 m10296), og ved utbedring til permanent vei til kraftstasjonen stiller Statens vegvesen krav om at avkjørsel blir utbedret i samsvar med kravene i vegnormalene i handbok N100. Tiltaket må utføres slik at brua på fv.696 over Neselva ikke forringes som en konsekvens av tiltaket.

Vi minner også om tillatt aksellaster samt vilkår for transport i teleløysingsperioden på denne type veg [...]. Ut over dette har vi ingen merknader til varselet.»

**Direktoratet for mineralforvaltning** uttalar følgjande i brev til NVE den 22.05.2019:

«Direktoratet for mineralforvaltning med bergmeisteren for Svalbard (DMF) kan ikkje sjå at bygging av kraftverket direkte påverkar mineralressursar i området, men ved Breimsvatnet like aust for planområdet, er det i NGU sin kartdatabase for grus- og pukkk registrert ein grusførekomst av lokal betydning. NGU opplys om at førekomsten truleg har større utbreiing enn det geometrien i kartet viser, og det er dermed sannsynleg at massar av same verdi kan ligge innafør tiltaksområdet.

Det er vurdert at tiltaket ikkje medfører behov for uttak eller deponering av massar. DMF registrerer at det er gjort greie for naturgrunnlaget med type bergartar og vegetasjonstypar og det manglar ei vurdering av konsekvensar for mineralressursar. DMF har ingen innvendingar mot at tiltaket vert gjennomført slik det er søkt om, men vi ønskjer at tema om mineral òg vert nærare belyst i saka.»



**SFE Nett AS** uttalar følgjande i brev til NVE den 14.05.2019:

«[...]. I 22 kV-nettet er det kapasitet for det aktuelle kraftverket, Neselva II på 3,4 MW. I overliggande 132 kV-nett vil summen av ny produksjon kunne overstige kapasiteten, m.a. for Statnett sin 400/132kV-transformator i Moskog. Det gjeld for øvrig også utan realisering av Neselva II.

I tillegg kan det bli nødvendig med mindre tiltak på linjer/kablar i regionalnettet. Eventuelle forsterkingar i overliggande nett kan medføre anleggstilskot, som i så fall blir innkrevd etter gjeldande retningslinjer.

Avgreining frå eksisterande 22 kV-nett til kraftverket vil vere kraftverket sitt ansvar. Dersom det er behov for utfyllande informasjon kan De ta kontakt med SFE Nett AS.»

**Ester Løvland, Atle Løvland, Tor Inge Løvland og Sissel Ness** uttalar følgjande i brev til NVE den 24.05.2019:

«Som naboar (Gnr 124, bnr 3 og gnr 124, bnr 9) til omsøkt utbygging har vi desse kommentarane.

1. Gnr. 124 bnr. 3 er i luftlinje nær stasjonen i det omsøkte kraftverket. Vi lurar derfor på om det er utreda evt. støyplager i den forbindelse, i so fall ynskjer vi å få informasjon om dette. Dersom det vil medføre skjemmande støyplager frå viftene i stasjonen ynskjer vi at det skal opprettast eit avbøtande tiltak for å redusere dette mest muleg.
2. Støylsvegen, som også er en veg vi har bruksrett til, vil i anleggsperioden bli brukt til tungtransport. Vi er bekymra for om vegen toler dette. Vi vil ha svar på om dette har vore vurdert, og om vegen vil bli reparert etter anleggsperioden dersom den blir ødelagt. Vegen må etter anleggsperioden være god nok for personbilar. Vi ynskjer også få informasjon på førehand om kor lang tid graving skal ta, og vi vil ha varsel i god tid før graving tek til. Dette er svært viktig for oss då vegen er einaste tilkomst til bustadhus. Det er også einaste veg mellom bustadhus og driftsbygning med dyr og anna arbeid. Det er viktig med varsel slik at vi sikrar at køyretøy og maskiner er frakta forbi der vegen vert stengt.
3. Vi ser på teikning at kabel skal leggjast tett inntil våre eigedomar. Dette er ei ulempe som lett kunne vore unngått ved å legge kabel lenger vekk der det ikkje er bustadhus, og dermed ikkje er til ulempe for nokon. Det må være unødvendig å risikere stråling for to bustader dersom det lett kan være unngått. Vi kan heller ikkje sjå at det er noko fordel for det omsøkte tiltaket å legge kabelstrekket slik det er skissert i teikning. I staden for at kabelstrekket svingar inn over en knaus kan den leggjast beint i eit betre terreng slik at den kjem lenger vekk frå bustadhus. Dersom kabel går i ei linje langs støylsvegen til Fv 696 der trafostasjonen ligg, kan denne vegen samtidig bli utbetra. Dette vil være vinn vinn for alle parter, noko som må seiast å være betre enn å påføre oss som naboar ei heilt unødvendig ulempe.»

**OK Energi** kommenterte nokre av dei innkomne fråsegnene i brev til NVE den 06.06.2019:

«**Kommentarar til Fylkesmannen i Vestland sine innspel.**  
Naturmiljø, landskap og friluftsliv.»



Nesstøylen/Ytre Kandalsstøylen er ein av innfallsportane til Naustdal/Gjengedal landskapsvernområde. Det er ikkje ein av dei største eller viktigaste innfallsportane til området, men har likevel fleire turstiar med støylen som utgangspunkt. Dei fleste køyrer bil til støylen, og nyttar området derifrå. Vassdraget har nok ein opplevingsverdi, men i liten grad samme opplevingsverdi i det omsøkte området, som lenger oppe i vassdraget. Alle fossar som er synlege frå støylsvegen, vil vere uberørte av ei eventuell utbygging.

Konsesjonssøkar har tilpassa søknaden til å kun omfatte den minste og nederste fossen i omsøkt konsesjon. Dette pga tidlegare avslag som til dels var grunna den prioriterte naturtypen «bekkekløft og bergvegg.» Dei største fossane vert ikkje berørte av ei utbygging, og fosseeng og fosseberg ved desse, vert uberørte. Den minste fossen er lite synleg frå støylsvegen. Dersom støy frå fossane er ein opplevingsverdi, er truleg den minste fossen og minst støyande. Dei større, og uberørte fossane, skapar nok og mest støy.

#### Avbøtande tiltak.

Planlagt minstevassføring i sommarhalvåret er frå konsesjonssøkar sett til 0,2 m<sup>3</sup>/s. Grunnen til at dette kan verke litt lågt, er at vassdraget har eit relativt stort flaumtap i vekstsesonen.

#### Samla belastning.

Antal kraftverk som er utbygde i Gloppen kommune, er høgt. Ein stor del av vasskraftpotensialet i kommunen er verna mot utbygging. Naustdal/Gjengedal landskapsvernområde beslaglegg åleine eit potensiale tilsvarande all utbyggd vasskraft i kommunen.

#### **Kommentarar til Løvland/Ness sine innspel.**

Kraftstasjonen er i denne konsesjonssøknaden plassert ca 450 meter i luftlinje frå deira nermaste bygning. I forrige søknad var denne avstanden ca 300 meter. Problemstillinga vart den gong ikkje kommentert. Kraftstasjonen er og plassert nermare elva, og på lågare punkt i terrenget enn forrige gong.

Det vil ved ei eventuell utbygging bli inngått avtale om bruk og vedlikehald av vegar mellom vegeigar og utbyggar. Dette vil omfatte både anleggsperiode, og seinare driftsfase. Vegparsellen som uttalen omfattar, vert elles brukt kun til gjennomgangstrafikk. Alt arbeid vil føregå lenger oppe i terrenget.

Vi ser og at grøfta til kabelstrekking har ei uheldig plassering. Denne er naturleg å legge i grøft nermast muleg eksisterande vegar.»

## **Tilleggsopplysingar – ny avgrensa høyring**

Grunna opphald i NVE si sakshandsaming, var det ei ny avgrensa høyring i november/desember 2023. Høyringspartane hadde følgjande fråsegner:

**Gloppen kommune** uttalar følgjande i brev til NVE den 24.11.2023:

«Gloppen kommune kjenner ikkje til vesentlege endringar sidan 2019 som skulle tilseie at kommunen bør endre sine innspel til konsesjonssøknaden.»



**Statsforvaltaren i Vestland** uttalar følgjande i brev til NVE den 12.12.2023:

*«Vi viser til ny høyring av konsesjonssøknaden for Neselva II kraftverk. På grunn av lang tid sidan høyringa av søknaden, ønskjer NVE tilbakemelding på eventuell ny kunnskap som kan vere relevant for saka.*

*Vi har gått gjennom konsekvensvurderingane i miljørapporten og vurdert dei etter det nye systemet i M-1941. Etter vårt syn er miljørapporten framleis i stor grad representativ når det gjeld konsekvensvurdering. Vi har ingen spesiell ny informasjon i saka. Vi viser elles til høyringsfråsegna vår datert 21. mai 2019.»*

**Vestland fylkeskommune** uttalar følgjande i brev til NVE den 03.01.2024:

*«Det er viktig at det vert sikra ei tilstrekkeleg minstevassføring.*

*Deler av tiltaket ligg i nyleg kartlagd friluftsområde, vurdert som viktig, men det er usikkert om tiltaket vil ha konsekvensar for friluftsliv.*

*Fysisk aktivitet og inkludering*

*Sidan saka var på høyring sist, for fire år sidan, har Gloppen kommune gjennomført kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde.*

*Nedbørsfeltet til kraftverket ligg i kartlagd friluftsområde, vurdert som viktig, medan inntak og planlagd vassveg ikkje er omfatta av noko kartlagd friluftsområde.*

*På bakgrunn av eksisterande informasjon er det lite truleg at tiltaket vil ha nemneverdige konsekvensar for friluftsliv.*

*Vassmiljø*

*Fylkeskommunen er vassregionmyndigheit etter vassforskrifta og har ansvaret for forvaltning av haustbare, ikkje trua bestandar av innlandsfisk. Nedre del av tiltaksstrekninga er bygd ut tidlegare, og det må vurderast kva for konsekvensar ei vidare utbygging vil få på tilstanden etter vassforskrifta.*

*I konsekvensvurderinga frå 2013 står det at: «Elva har en tynn bestand av småfallen aure. Redusert vannføring vil gi mindre vanndekning og en forventet reduksjon i biologisk produksjon, som vil være næringsgrunnlag for fisk. Det kan forventes økt vanntemperatur sommerstid og noe redusert vanntemperatur vinterstid. Dette kan gi svakt endret artssammensetning av vannlevende organismer. Foreslått slipp av minstevannføring i sommerhalvåret og vinterhalvåret vil være viktig for å ivareta produksjon av fisk og andre ferskvannsorganismer. Tiltaket vurderes samlet å ha middels negativ virkning på akvatisk miljø.» Det er difor viktig at det vert sikra ei tilstrekkeleg minstevassføring.»*

**Statens vegvesen** uttalar følgjande i brev til NVE den 23.11.2023:

*«Tilkomst til arealet der arbeid for 2. byggetrinn skal skje er frå fv. 696. Fylkesvegen er eigd, forvalta og drifta av Vestland fylkeskommune. Vi forventar at utbyggar avklarar alle forhold knytt til avkøyrsløse, framkome og trafikkikkerheit med vegeigar før 2. byggetrinn startar. Eventuelle fråvik frå Handbok N100 skal vere godkjende av vegeigar før bygging.*



*Ut over dette har vi ikkje merknader i saka.»*

**Ester Løvland, Atle Løvland, Tor Inge Løvland og Sissel Ness** minte om deira fråsegn av 24.05.2019 per telefon.

**OK Energi** hadde ingen kommentarar til dei innkomne fråsegnene i samband med ny avgrensa høyring av søknaden.


## **NVE si vurdering**

### **Hydrologiske verknader av utbygginga**

NVE har kontrollert det hydrologiske grunnlaget i søknaden. Vi har ikkje fått vesentlege avvik i forhold til søkjar sine berekningar, men har estimert eit noko lågare årleg tilsig til kraftverket samanlikna med søkjar. Alle berekningar på basis av andre målte vassdrag vil ved skalering til det aktuelle vassdraget vere hefta med feilkjelder. Dersom spesifikt normalavløp er berekna med bakgrunn i NVE sitt avrenningskart, vil vi påpeike at desse har ei uvisse på +/- 20 % og at uvissa aukar for små nedbørfelt.

Kraftverket nyttar eit nedbørfelt på 24 km<sup>2</sup> ved inntaket, og middelvassføringa er berekna til 2,47 m<sup>3</sup>/s. Nedbørfeltet har tre store innsjøar, dei to Sørsendalsvatna og Øykjeheivatnet, og har ein bréandel på 17 %. Vassdraget har dominerande sommarflaum, og typisk opptreir lågaste vassføring om vinteren (figur 1A). 5-persentil for sommar og vinter er berekna til høvesvis 930 l/s og 120 l/s. Alminneleg lågvassføring ved inntaket er berekna til 140 l/s.

Maksimal slukeevne i kraftverket er planlagt å vere på 4,5 m<sup>3</sup>/s og minste driftsvassføring vil vere 0,45 m<sup>3</sup>/s. Maksimal slukeevne er 182 % av middelvassføringa, men ifølgje søknaden vert dei store flaumvassføringane i lita grad påverka av utbygginga. Vassmengda vil vere over største slukeevne til kraftverket 102 dagar i eit middels vått år (figur 1B), og nokre færre dagar i året vil dette gje overløp over dammen. I 33 dagar vil vassføringa vere under summen av minste driftsvassføring og minstevassføring (figur 1B), og heile tilsiget vil verte sloppe forbi inntaket. Tilsiget frå restfeltet vil gjennomsnittleg bidra med 32 l/s ved kraftstasjonen, og det meste av dette vil kome i flaumperiodar.



**B**

	Tørt år	Middels år	Vått år
Antall dager med vannføring > maksimal slukeevne	50	102	145
Antall dager med vannføring < planlagt minstevannføring + minste slukeevne	115	33	8

**Figur 1. A.** Vassføringa i Neselva over eit middels vått år. **B.** Tal dagar med vassføring over og under slukeevna til kraftverket.

### Prissette verknader

På bakgrunn av dei hydrologiske data som er lagt fram i søknaden, har søkjar berekna gjennomsnittleg kraftproduksjon i Neselva II kraftverk til 11,4 GWh/år, fordelt på 8,5 GWh sommarproduksjon og 2,9 GWh vinterproduksjon. Byggjekostnadene var i 2018 berekna til 45 millionar kr, og utbyggingspris 3,94 kr/kWh. Indeksjustert til 01.01.2023 er utbyggingskostnaden 60 millionar kr. Med auka minstevassføring til 5-persentilnivå sommar og vinter (høvesvis 930 l/s og 120 l/s) har søkjar berekna gjennomsnittleg produksjon til 10,1 GWh/år (ein nedgang i produksjon på 1,3 GWh), og utbyggingspris til 4,46 kr/kWh.

NVE har kontrollert dei framlagde berekningane over produksjon og kostnader. Vi har ikkje fått vesentlege avvik i forhold til søkjar sine berekningar, men har fått noko lågare estimat for kraftproduksjon. NVE har nytta tilsigsseriar frå dei same vassmerka som er oppgjeve i søknaden, men har henta midlare årstilsig frå NVE sitt nyaste avrenningskart (1991-2020). NVE sine berekningar viser at gjennomsnittleg kraftproduksjon med omsøkt minstevassføring (200 l/s om sommaren og 100 l/s om vinteren) vil vere 11,1 GWh/år.

NVE har òg vurdert lønsemda til prosjektet. Til lønsemdvurderinga har vi nytta våre egne produksjonsberekningar. NVE har berekna netto noverdi og nyttekostnadsbrøk for prosjektet. NVE har òg berekna energikostnad over levetida (LCOE). Noverdiberekninga er basert på oppgjevne utbyggingskostnader frå søkjar, typiske driftskostnader (5 øre/kWh), forventna middelproduksjon og eit utfallsrom for kraftprisen slik han er modellert i NVE sin langsiktige kraftmarknadsanalyse





for 2023. NVE har nytta kraftprisbaner for prisområde NO3. Økonomisk levetid er sett til 40 år og kalkulasjonsrenta til 6 %. Kraftverket er antatt å verte sette i drift i 2026. Nyttekostnadsbrøk er nettonoverdi delt på investeringskostnader og driftskostnader over levetida. Brøken kan brukast til å samanlikne noverdien til prosjekt av ulik storleik. Det vert lagt til grunn tre scenario for utbyggingskostnad og inntekter i berekning av LCOE og netto noverdi – låg, basis og høg. Basisscenario er utbyggingskostnaden som er basert på opplysingar frå søknaden, medan scenario for låg og høg kostnad er basisscenarioet med høvesvis +/- 20 % av utbyggingskostnad og inntekt.

For minstevassføringa føreslege av søkjar (200 l/s om sommaren og 100 l/s om vinteren), viser det prissette avgjerdsgrunnlaget at prosjektet får ein netto noverdi på 8 millionar kr og ein nyttekostnadsbrøk på 0,12 i basisscenarioet (figur 2). LCOE er på 41 øre/kWh, med eit utfallsrom på 34-48 øre/kWh. Spesifikk utbyggingskostnad er på 5,40 kr/kWh, med eit utfallsrom på 4,32-6,48 kr/kWh. Prosjektet vil vere lønsamt i fem av ni scenario innanfor utfallsrommet for kostnads- og inntektssensitivitetar (figur 2). Følgjeleg er kraftverket berekna å vere samfunnsøkonomisk lønsamt, før ein tar omsyn til negative ikkje-prissette verknader.

	Kostnadssensitiviteter				
	lavkostnad	basis	høykostnad		
Nettonåverdi (mill. kr)	-12	-24	-36	lavpris	Inntektssensitiviteter
Nyttekostnadsbrøk	-0,22	-0,35	-0,45		
Nettonåverdi (mill. kr)	20,3	8	-4	basis	
Nyttekostnadsbrøk	0,36	0,12	-0,05		
Nettonåverdi (mill. kr)	57	45	33	høypri	
Nyttekostnadsbrøk	1,01	0,66	0,41		

**Figur 2.** Berekna netto noverdi og nyttekostnadsbrøk for Neselva II kraftverk ved omsøkt minstevassføring (200 l/s om sommaren og 100 l/s om vinteren) for låg, basis- og høg kostnad- og prisbane (+/- 20 %).

## Naturmangfald

### Naturtypar

Tiltaksområdet vart kartlagt av Ole Kristian Spikkeland Naturundersøkelser AS den 13.07.2008 og Rådgivende biologer AS den 22.08.2013, i samband med den første handsaminga av Neselva II kraftverk. Frå kartleggingane kjem det fram at ei eventuell utbygging av Neselva II kraftverk som planane no føreligg vil påverke éi bekkekløft og éin fossesprøytzone, båe vurdert som viktige og av regional verdi (B-verdi). Samanlikna med den opphavelge søknaden for Neselva II kraftverk som fekk avslag i 2014, vert ein mindre del av bekkekløfta og berre den eine av tre markerte fossar påverka i noverande planar. I tillegg vil ei utbygging påverke den raudlista naturtypen «ellevannmasser» (NT).

I den opphavelge søknaden for Neselva II kraftverk, konkluderte rapportane med at ei utbygging vil gje middels til stor negativ konsekvens for naturtypar. I søknaden for det nye reduserte tiltaket



meiner konsulent at tiltaket har liten konsekvens for temaet naturtypar, under dette bekkekløft og fossesprøytzone.

#### *Bekkekløft og bergvegg*

Bekkekløfter finst der bekkar eller mindre elvar skjer seg ned i bratte dalsider, og omfattar alt frå djupe juv til mindre sprekkedalar. Bekkekløfter er ein av våre mest varierte og dramatiske naturtypar, med konstant høg luftfukt. Tronge dalar og gjel har lite direkte solinnstråling, og miljøet vert fuktigare enn området rundt, særleg viss kløfta er nord- eller austvendt. Vassføringa gjennom bekkekløfta er viktig for fukta i kløfta, spesielt i område der elva går i fossar eller stryk der vatn vil sprute over vegetasjon i kantsona. I område av kløfta med utglidingar og ras skapast eit særleg dynamisk miljø som gjev grunnlag for variert artsmangfald. Dei store vekslingane i naturforhold kan òg gje eit stort innslag av raudlisteartar innanfor naturtypen. Trugslane mot naturtypen er inngrep som gjer det ljosare og tørrare i kløfta. Noreg har eit internasjonalt ansvar for bekkekløfter, jf. «OEDs retningsliner for små vasskraftverk» (2007).

På store delar av elvestrekninga renn Neselva gjennom naturtypen bekkekløft og bergvegg, utforming bekkekløft, med regional verdi (B-verdi). Naturtypar med B-verdi kartlagt etter DN-handbok 13 gjev «middels verdi» etter Miljødirektoratet sin rettleier M-1941. Kløfta er stor i utstrekning og består av gjel, vertikale bergveggar, steinblokker i dalbotnen og skredmateriale i lisdene. Det finst mindre parti med rik vegetasjon og skog med svært høg bonitet. I øvre del dannar bekkekløfta grunnlag for fossesprøytsoner med vegetasjonstypane fosse-eng og fosseberg.

NVE legg vekt på at bekkekløfta er av regional verdi og dannar grunnlag for ei fossesprøytzone som òg er av regional verdi. Vi legg dette til vår samla vurdering av fordelar og ulemper for ålmenne interesser.

#### *Foss med tilhøyrande fossesprøytzone*

Fossesprøytsoner er kantsoner ved fossar som har ei så høg vassføring eller fall at det vert danna eit stabilt fuktig miljø for vegetasjon. Sona kan gje grunnlag for mosevegetasjon på stein og berg (fosseberg), eller rikare plantesamfunn med gras og urter der det er etablert eit jordsmonn (fosse-eng). Fossesprøytsoner er sjeldne og knytt til dei litt større fossane på Vestlandet, Nord-Noreg og sentrale fjellstrøk. Trugslane mot naturtypen er først og fremst fråføring av vatn som følge av vasskraftutbygging.

Neselva II kraftverk vil fråføre vatn frå ei fossesprøytzone med regional verdi (B-verdi). Naturtypar med B-verdi kartlagt etter DN-handbok 13 gjev «middels verdi» etter Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941. Lokaliteten inneheld den truga naturtypen fosseberg (sårbar – VU). Sjølv om lokaliteten ikkje passar inn i dei typiske kriteria for den truga naturtypen fosse-eng (sårbar - VU), er det ei velutvikla eng like nedanfor fossen som kan karakteriserast som urterik utforming med høgstaudar. Her vil ei redusert vassføring kunne medføre auka attgroing fordi effekten av islegging vert redusert<sup>1</sup>. Naturtypar etter Miljødirektoratet sin kartleggingsinstruks gjev «stor verdi» etter Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941.

---

<sup>1</sup> Miljødirektoratet (2015). Veileder for kartlegging, verdisetting og forvaltning av naturtyper på land og i ferskvann - Utkast til faktaark for revidering av DN-håndbok 13 – Åpen naturlig fastmark, s. 69.



Statsforvaltaren meiner at minstevassføringa om sommaren må hevast til 5-persentilnivå, for å redusere dei negative konsekvensane for fossesprøytpåverka natur. Dette er mykje høgare enn det søkjar sjølv har føreslege. I OED sine retningsliner for små vasskraftverk, står det skreve at tiltak som kjem i konflikt med biologisk mangfald av stor og middels verdi må pårekne pålegg om tiltak som reduserer konflikten, eksempelvis i form av krav om minstevassføring og/eller andre miljøtilpassingar av prosjektet. NVE er samd i Statsforvaltaren si vurdering av at omsøkt minstevassføring er for låg til å ivareta fossesprøytpåverka natur. Ved ein eventuell konsesjon vil det difor vere naudsynt å setje tilstrekkeleg minstevassføring for å redusere ulempa for dei registrerte naturtypene.

### **Artar**

Ingen raudlista plante- og dyreartar har vorte registrerte i eller langs den råka elvestrekninga. Sjølv om det ikkje vart registrert nokre raudlista artar i bekkekløfta og fossesprøytsone, konstaterer biomangfaldsrapportane at ei redusert vassføring vil kunne gje endringar i artssamansetninga. Rapportane omtaler ikkje potensialet for raudlista artar i naturtypene, men basert på erfaring frå liknande bekkekløftutformingar legg NVE til grunn at det kan vere uoppdaga raudlisteartar innanfor lokalitetane. Vi legg dette til i vår samla vurdering av fordelar og ulemper for ålmenne interesser.

Det er heller ikkje registrert nokre raudlista artar med fast tilhald i influensområdet til Neselva II kraftverk. Oter og strandsnipe hadde tidlegare status på raudlista som høvesvis sårbar (VU) og nær truga (NT), men bestandane er no rekna som livskraftige (LC). Dei raudlista fugleartane fiskemåke (VU), hønehauk (VU), jaktfalk (VU) og stær (NT) er observert på streif i området. Tidlegare skal òg hubro (EN - sterkt truga) vore registrert sporadisk i området. Fossefall (LC) og linerle (LC), som er oppført på Bern liste II, førekjem i tiltaksområdet.

Fossefall er direkte knytt til elvestrengen i Neselva. Då fossefall har fast tilhald i området, ser NVE det som sannsynleg at fuglen òg hekkar ved elva. Redusert vassføring i Neselva vil kunne forverre hekkesituasjonen for fossefall, som er knytt til fossar og stryk i vassdraget. Mindre vatn i elva vil føre til ein viss reduksjon i bestandane av botndyr og vasslevande insekt på råka elvestrekning, og dimed redusere mattilgangen for fuglen. For fossefallet er behovet for tilstrekkeleg minstevassføring størst tidleg i sommarsesongen. NVE meiner at med tilstrekkeleg minstevassføring og oppsetjing av hekkekassar, vil ei eventuell utbygging ha avgrensa og akseptable konsekvensar for fossefall. NVE viser her til NVE-rapport 3/2011 om fossefall og småkraftverk, der det visast at hekkekassar opprettheld hekkesuksessen til arten.

Dei øvre delane av nedbørfeltet til Neselva ligg i nærleiken av Førdefjella villreinområde. Villreinnemnda for Sogn og Fjordane uttala i samband med første handsaming av Neselva II kraftverk, at ei eventuell utbygging av kraftverket ikkje vil skape vesentleg stress for villreinen. Inntaket er i noverande planar flytta enda lenger vekk frå villreinområdet.

I søknaden vart det opplyst at det finst ein tynn bestand med småfallen aure i Neselva, og det har tidlegare vore noko utsetjing av fisk i vatna oppstrøms elva. Redusert vassføring på den råka elvestrekninga kan gjere forholda verre for fisken ved at vassdekt areal vert minska. Mykje av strekninga er likevel ikkje særleg eigna for fisk, då det både har få eigna gyteareal og fleire nivåforskjellar i høgd, noko som gjer det utfordrande med fiskevandring. Det er heller ikkje planlagt effektkøyring som ville kunne gje stranding av fisk. Vestland fylkeskommune trekk fram i si tilleggsfråsegn at det er viktig med ei tilstrekkeleg høg minstevassføring for å sikre det akvatiske økosystemet i elva.



Det er ein storaurebestand i Breimsvatnet nedstraums kraftverka i Neselva, og ål (EN – sterkt truga) vart registrert i Breimsvatnet i 1918. Elvestrekninga knytt til Neselva II kraftverk verkar likevel ut ifrå korleis elva vert skildra som lite eigna som habitat for desse artane. Elva er bratt og kupert med grovt botnmateriale. Vidare har elvestrekninga knytt til Neselva I kraftverk ikkje krav om minstevassføring vinterstid, og kan difor i enkelte periodar ha svært låg vassføring. Ål kan forsere bratte strekk med lite vatn, men vatna oppstraums kraftverka i Neselva er næringsfattige vatn i høgjellet, og difor ikkje særleg eigna som habitat for ål.

### **Forholdet til naturmangfaldlova**

Alle styresmaktsinstansar som forvaltar natur, eller som tek avgjerder som har verknader for naturen, pliktar etter naturmangfaldlova § 7 å vurdere planlagde tiltak opp mot dei relevante paragrafane i naturmangfaldlova. I NVE si vurdering av søknaden om Neselva II kraftverk legg vi til grunn prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 til 12, og dessutan forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Kunnskapen om naturmangfaldet og effektar av eventuelle påverknader er basert på den informasjonen som er lagt fram i søknaden, den opphavelge miljørapporten, høyringsfråsegner, tilleggsundersøkingar utført av Rådgivende Biologer AS og dessutan NVE sia eigne erfaringar. NVE har òg gjort eigne søk i tilgjengelege databasar som Naturbase og Artskart seinast den 02.10.2024. Etter NVE si vurdering er det innhenta tilstrekkeleg informasjon til å kunne gjere vedtak og for å vurdere omfanget av tiltaket og verknader på det biologiske mangfaldet. Samla sett meiner NVE at kunnskapsgrunnlaget i saka er godt nok greidd ut, jf. naturmangfaldlova § 8.

Det er ikkje registrert nokre raudlista artar med fast tilhald i influensområdet til Neselva II kraftverk, men raudlista fugleartar er observert på streif i området rundt Neselva. Fossekall og linerle, som er på Bern liste II, er knytt til Neselva. Naturtypen «elvevannmasser» (NT) vil verte ringa av ei eventuell utbygging av kraftverket. Naturtypane bekkekløft og bergvegg samt fossesprøytsone, baa vurdert som viktige og av regional verdi (B-verdi), har vorte registrerte langs den råka elvestrekninga. Likevel vil naturtypane verte påverka i mindre grad slik som planane no ligg føre samanlikna med den opphavelge søknaden for Neselva II kraftverk. Dette fordi ein mindre del av bekkekløfta og berre éin av tre fossesprøytsoner som finst i Neselva vil få fråført vatn. Ei eventuell utbygging av Neselva II kraftverk vil etter NVE sitt syn ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5, gjeve at det vert stilt krav om tilstrekkeleg minstevassføring.

NVE har òg sett påverknaden frå Neselva II kraftverk i samanheng med andre påverknader på naturtypane, artane og økosystemet. Ein stor del av vasskraftpotensialet i Gloppen kommune og Breimsvassdraget har vorte bygt ut. Då Neselva II kraftverk opphavelge vart handsama som del av «Jølster-pakka» i 2014, fekk to småkraftverk konsesjon medan fem fekk avslag. Eitt avslag vart seinare omgjort til løyve av Energidepartementet. I 2017 fekk ytterlegare sju småkraftverk konsesjon i samband med handsaming av «Gloppen-pakka». Sjølv Neselva har allereie vorte bygt ut som følgje av Neselva I kraftverk nedstraums planlagde Neselva II kraftverk. Området rundt Neselva er delvis utbygt med spreidde bustader og gardsbygg, stølsveg, kraftliner og stadvise granplantefelt. I dei øvre delane av nedbørfeltet inngår Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde med urørt høgjellsnatur, som òg er leveområde for villreinstammen i Førdefjella villreinområde.



Likevel vurderer NVE at ein eventuell konsesjon til Neselva II kraftverk ikkje i betydeleg grad aukar den samla belastninga på viktig urørt natur og vasskraftnatur i området. Det no planlagde inntaket er trekt lenger vekk frå Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, og er òg flytta nedstraums to av dei tre registrerte fossane i Neselva. Inntaket har vorte flytta nærare busetnad og infrastruktur, og sidan Neselva allereie er bygt ut er ikkje dei nedre delane av elva å rekne som urørt.

Den samla belastninga på økosystemet og naturmangfaldet har dimed vorte vurdert, jf. naturmangfaldlova § 10. Den samla belastninga vert ikkje rekna som så stor at ho vert avgjerande for konsesjonsspørsmålet, men sidan tiltaket er i eit område med ein relativt stor andel utbygde vassdrag, vert det likevel tillagt noko vekt.

Etter NVE si vurdering ligg det òg føre tilstrekkeleg kunnskap om verknader tiltaket kan ha på naturmiljøet, og NVE meiner at naturmangfaldlova § 9 (føre-var-prinsippet) ikkje vert avgjerande for konsesjonsspørsmålet. Avbøtande vilkår og utforminga av tiltaket vil spesifiserast nærare i merknadene våre til vilkår ved ein eventuell konsesjon. Tiltakshavar vil då vere den som ber kostnadene av tiltaka, i tråd med naturmangfaldlova §§ 11 og 12.

### **Landskap, friluftsliv og brukarinteresser**

Dei øvre delane av nedbørfeltet til Neselva inngår i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, som er kartlagt som eit viktig friluftsområde. Dalføret oppover langs Neselva er ein av fleire innfallsportar til verneområdet, og utbyggingsstrekninga ligg langs vegen opp til Kandalstøylen/Nesstøylen. Øvst nær stølane renn elva relativt roleg, før ho i tiltaksområdet renn gjennom ei lang kløft med bratt fall og strie stryk ned til inntaksdammen for Neselva I kraftverk. Derfrå renn elva ut i Breimsvatnet.

Inntaket til Neselva II kraftverk som det no ligg føre er planlagt rett nedstraums den midtre av dei tre store fossane i Neselva. Den nedste av fossane vert påverka av tiltaket. Fossen ligg nedfelt i terrenget og er ikkje særleg synleg i eit større landskapsrom, men dersom ein oppsøker fossen er den likevel eit tydeleg landskapselement (figur 3). Rett nedstraums omsøkt elvestrekning ligg Neselva I kraftverk. Denne delen av elva har ikkje krav om minstevassføring om vinteren, og er tørrlagt store delar av vinterhalvåret.



**Figur 3.** Den markerte fossen som vil få fråført vatn som følgje av utbygginga av Neselva II kraftverk. Biletet er henta frå den biologiske mangfaldsrapporten skrive av Rådgivende Biologer AS. Foto: Per Gerhard Ihlen.

I den første konsesjonshandsaminga av Neselva II kraftverk i 2014, uttala Sogn og Fjordane Turlag at dei fleste turgåarane nyttar stølsvegen opp til stølane ovanfor omsøkt inntak, der dei parkerer bilane og startar vandreturen innover i fjellet, men at det truleg er få som går på tur langs sjølve utbyggingsstrekninga. Sogn og Fjordane fylkeskommune meinte at dei tekniske inngrepa som skissert i søknaden ikkje ville verke dominerande i landskapet. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane påpeikte at det er fleire fine fossar på utbyggingsstrekninga. I noverande planar er det berre éin stor foss i råka elvestrekning. Fleire høyringspartar kravde i 2014 at minstevassføringa om sommaren måtte setjast til 5-persentilnivå for at elva skulle haldast oppe som eit tydeleg landskapselement. At storleiken på minstevassføringa er viktig vart òg påpeikt i nokre av høyringspartane sine noverande fråsegner til søknad om Neselva II kraftverk med redusert fallhøgd, deriblant Statsforvaltaren i Vestland og Vestland fylkeskommune, men primært av omsyn til naturmangfald. I søknaden er det skreve at elvestrekninga har liten verdi for biologisk mangfald og andre interesser, og at det difor vert søkt om relativt låg minstevassføring på høvesvis 200 l/s og 100 l/s for sommar og vinter. NVE er ikkje samd med søkjar i vurderinga om at elvestrekninga no har liten verdi for naturmangfald og andre interesser, og meiner at om det vert gjeve konsesjon må ein vurdere storleiken på minstevassføringa opp mot dei registrerte verdiane.

Størst påverknad på landskapet vil tiltaket ha i og like etter anleggsperioden, før den naturlege revegeteringa tek til. I sjølve driftsfasen vil det vere mindre konsekvensar. Fossen og elva som landskapselement vil likevel verte reduserte i og med at ein stor del av vatnet vert fråført. Påverknad på landskap og friluftsliv har åleine ikkje vore avgjerande for NVE sitt vedtak i denne saka, men vert tillagt vekt i den samla vurderinga av fordelar og ulemper for ålmenne interesser.



Naboar til kraftverket har uttrykt bekymring for støy frå kraftstasjonen, skade på vegen under anleggsperioden og stråling frå jordkabelen. Alle desse er forhold som vert ivareteke i samband med detaljplanen om det vert gjeve konsesjon.

### **Samla belastning**

I Gloppen kommune har ein stor del av vasskraftpotensialet allereie vorte bygt ut. Spesielt i Breimsvassdraget, som Neselva er sideelv til, har det vore mange vasskraftutbyggingar. NVE meiner talet på utbygde kraftverk og mengda av vasskraftpotensialet som er nytta i kommunen er høgt. Nye konsesjonssøknader i kommunen medfører eit press på attverande urørte vassdrag. Då NVE handsama «Jølster-pakka» i 2014, var nokre av dei sentrale tema for søknadane som fekk avslag, deriblant Neselva II kraftverk, omsynet til naturmangfald, landskap, friluftsliv og samla belastning på vasskraftnaturen. Det var inntil då ikkje gjeve nokre avslag til vasskraftverk i Jølster kommune, og tidlegare berre avsege to vasskraftprosjekt i Gloppen kommune. I 2017 vart «Gloppen-pakka» på tolv småkraftsøknader handsama, der sju kraftverk fekk konsesjon. Av desse er tre kraftverk sette i drift, tre har fått innvilga forlengd byggjefrist, medan eitt løyve har falle bort. I etterkant av første handsaming av Neselva II kraftverk, har Eidsfossen småkraftverk og Trysilfossen småkraftverk verte utvida. Ebebøfossen minikraftverk som fekk konsesjon i desember 2017, har fått innvilga forlengd byggjefrist. Aa-Tverrelva småkraftverk som fekk konsesjon i mai 2013 og forlengd byggjefrist i februar 2019, starta bygging i februar 2023. Sakene i Gloppen kommune som per no er til handsaming hos NVE, inkluderer Re Energi kraftverk og Blådalselva småkraftverk.

Det er teoretisk mogleg å setje ei grense for når vasskraftpotensialet er tilstrekkeleg utnytta og kor mange vassdrag som bør bevarast i ein kommune. Fleire høyringspartar skreiv i fråsegnene sine til Jølster-pakka i 2014 at det er svært mykje utbygt vasskraft i kommunane Gloppen og Jølster. Mange av høyringspartane uttrykte òg bekymring over talet på bygde og omsøkte kraftverk, og konsekvensane dei vil ha på vassdragsnaturen i området. Eit av tema som peikte seg ut var samla belastning på fosselandskap/verdifulle landskapselement, og høyringspartane var opptekne av at dei attverande viktige fossane i området skulle halde fram med å vere urørte. Breimsvassdraget er gjennomgåande utbygt, og NVE meiner at det kan byrje å nærme seg eit mettingspunkt. Det er etter NVE sitt syn likevel vanskeleg å setje ei kritisk grense for når nok av det samla vasskraftpotensialet er utbygt.

NVE meiner at sjølv om det er mykje utbygt vasskraft i Gloppen, vil det vere den konkrete vurderinga av fordelar og ulemper i kvar enkelt sak som er avgjerande. I tillegg vil ei vurdering av samla belastning for sentrale tema òg kunne ha innverknad på om nye tiltak skal få konsesjon eller avslag. Den samla belastninga på fosselandskapet vil slik NVE ser det auke i takt med utbyggingar av fossar, og dette gjer at dei fossane som er att får auka verdi. Skal det verte gjeve løyve til å bygge ut fleire fossar i dette området, er NVE av den oppfatning at det må setjast krav til vilkår som gjer at fossar som landskapselement til ei viss grad vert ivareteke.

For Neselva II kraftverk har vi i vårt vedtak lagt noko vekt på sumverknader på fosselandskap/verdifulle landskapselement, då ein markant foss kan verte råka i eit området kor mange fossar allereie har vorte bygt ut. NVE har i vedtaket vurdert saka sin påverknad på viktig naturmangfald opp mot eksisterande påverknader i regionen. Den samla belastninga på økosystemet og naturmangfaldet har dimed vorte vurdert, jf. naturmangfaldlova § 10. Den samla belastninga vert ikkje rekna som så stor at ho vert avgjerande for konsesjonsspørsmålet, men vert tillagt vekt i den samla vurderinga av fordelar og ulemper for ålmenne interesser.



### **Kulturminne**

Søknaden opplyser at det ikkje er kjent nokre kulturminne som vil verte påverka av tiltaket. NVE har òg nytta tilgjengelege databasar, og kan ikkje sjå at tiltaket er i konflikt med nokre registrerte kulturminne.

### **Flaum, ras og skred**

Ifølgje søknaden vil ikkje tiltaket ha nemneverdige konsekvensar for erosjon og sedimenttransport, då elvebotnen hovudsakeleg består av fjell og stor stein. Ei utbygging vil heller ikkje ha nemneverdige konsekvensar for grunnvatn.

Det er ein høg snaufjellprosent og bréandel i nedbørfeltet til Neselva, og elva kan ha betydelege flaumvassføringar. Då kraftverket er eit elvekraftverk vil det berre ha ein liten flaumdempande effekt for den påverka elvestrekninga.

NVE kan ikkje sjå at ei utbygging vil påverke flaum,- ras- og skredforhold i området ut ifrå dei opplysingar som no ligg føre. Tiltaksområdet ligg innanfor aktsemdområde for snøskred, steinsprang og jord- og flaumskred. Om det vert gjeve konsesjon må dette ivaretakast i detaljplanen ved at det vert iverksett naudsynte sikringstiltak.

### **Vassforskrifta**

Ny aktivitet eller nye inngrep skal vurderast etter vassforskrifta § 12. Utbygginga som er søkt om vil påverke vassførekomsten «Neselva» (087-27-R). Neselva er definert som ein naturleg vassførekomst, og har i dag *god økologisk tilstand* (GØT) og *undefinert kjemisk tilstand*. Dei viktigaste påverknadene i vassførekomsten er vasskraft (hydrologiske endringar med minstevassføring), jordbruk (diffus avrenning frå annan jordbrukskjelde) og flaumvern (dammar, barrierar og sluser for flaumsikring), alle oppgjeve å ha *liten grad* av påverknad. Miljømålet om GØT og *god kjemisk tilstand* skal nåast innan 2027.

Det planlagde inngrepet er ikkje venta å redusere noverande tilstand i vesentleg grad eller hindre at miljømålet vert nådd i den påverka vassførekomsten gjeven at det vert stilt krav om tilstrekkeleg minstevassføring. Heilårleg minstevassføring sikrar eit framleis fungerande akvatisk økosystem, og det er moglegheit for ytterlegare mildnande tiltak. GØT vert dimed halde oppe, og vassforskrifta § 12 kjem difor ikkje til bruk i denne saka.

### **Samfunnsmessige fordelar**

Småkraftverk utgjer eit viktig bidrag i den politiske satsinga på fornybar energi. Ei eventuell utbygging av Neselva II kraftverk vil gje ein gjennomsnittleg kraftproduksjon på 11,1 GWh/år. Tiltaket har positiv netto noverdi gjeve NVE sin kraftprisbane frå 2023, og vil dimed vere eit bidrag til utbygging av lønsam, fornybar energi. Tiltaket vil bidra til lokal verdiskaping og generere skatteinntekter.





## Oppsummering

Oppsummeringstabell for Neselva II kraftverk			
Tema	NVE si vektlegging	NVE si vurdering	Mildnande tiltak
<b>Prissette verknader</b>			
Lønsam kraftproduksjon	Stor	9,5 GWh/år i ny fornybar kraftproduksjon med fastsett minstevassføring. Prosjektet har positiv netto noverdi.	
Lokal verdiskaping	Middels	Kraftverket vil gje inntekter til søkjar (grunneigarar med fallrettar) og bidra med skatteinntekter.	
<b>Ikkje-prissette verknader</b>			
Naturtypar	Stor	Dei verdifulle naturtypene bekkekløft og fossesprøytzone med B-verdi, som òg inneheld dei raudlista naturtypene fosseberg (VU) og fosse-eng (VU), vert påverka negativt som følgje av redusert vassføring.	Avbøtande slepp av minstevassføring sommar og vinter, som i nokon grad opprettheld naturtypene sin økologiske funksjon.
Landskap og friluftsliv	Middels	Den markerte fossen og elva vil verte mindre tydelege som landskapselement som følgje av redusert vassføring. Vegen langs med Neselva er ein av fleire innfallsportar til Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, men få brukar sjølve tiltaksområdet til friluftsliv.	Avbøtande slepp av minstevassføring. Revegetering av rydebeltet med staeigen vegetasjonsdekke vil minske spora etter tiltaket.
Samla belastning	Middels	Utbygginga vil føre til auka samla belastning i eit område med mykje utbygt vasskraft.	Inntaket er trekt nærare busetnad og infrastruktur, og dimed lenger vekk frå urørt natur og nokre av dei verdifulle naturtypene i øvre del av Neselva.
Artar	Liten	Ingen raudlista artar er registrerte i tiltaksområdet. Det er likevel potensial for funn av	Avbøtande slepp av minstevassføring sommar og vinter.



		raudlisteartar i bekkekløfta og fossesprøytsone. Fossefall (Bern liste II) og truleg småfallen aure vil verte påverka negativt av redusert vassføring.	Krav om hekkedassar for fossefall langs den råka elvestrekninga.
<b>NVE si samla vurdering/konklusjon:</b> NVE meiner fordelane ved utbygging av Neselva II kraftverk er større enn ulempene. Utbygginga vil med NVE sine vilkår gje ein gjennomsnittleg årsproduksjon på 9,5 GWh, som svarar til straumbruken til om lag 475 bustader. NVE legg til grunn at utbygginga vil medføre noko negative verknader for naturmangfald, spesielt dei to viktige naturtypene bekkekløft og fossesprøytsone. NVE meiner at med tilstrekkeleg krav om minstevassføring er det mogleg å ivareta dei verdifulle naturtypene. På same tid er òg minstevassføringa vesentleg for å redusere verknadene for landskap i eit område som er sterkt prega av vasskraftutbygging.			

## NVE sin konklusjon

**Etter ei heilskapsvurdering av planane og dei føreliggjande fråsegnene meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for ålmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev OK Energi løyve etter vassressurslova § 8 til bygging av Neselva II kraftverk. Løyvet vert gjeve på nærare fastsette vilkår.**

Dette vedtaket gjeld berre løyve etter vassressurslova.



## Forholdet til anna lovverk

### Forholdet til energilova

OK Energi har lagt fram planar om installasjon av elektrisk høgspenning som inneber ei nettilknytning på 500 m med jordkabel til eksisterande leidningsnett. Søkjar har òg framlagt planar om å installere ein generator med spenning på 690 kV og ein transformator for omsetning til 23 kV.

SFE Nett AS er områdekonsesjonær og skal ifølgje søknaden stå for bygging og drift av det elektriske anlegget. Etter etablert praksis kan naudsynte høgspenning byggjast i medhald av områdekonsesjonen til nettselskapet. Viss dette vert gjort, er det ikkje naudsynt med ein eigen anleggskonsesjon etter energilova for høgspenning til 22 kV-nett. Dei elektriske komponentane som vert installerte inne i kraftverket krev ikkje konsesjon etter energilova (jf. Odelstingsproposisjon nr. 43 1989-90, s. 87). Bygging og drift av dei elektriske komponentane i kraftverket vert omfatta av FOR-2006-04-28-458 *Forskrift om tryggleik ved arbeid i og drift av elektriske anlegg* og FOR-2005-12-20-1626 *Forskrift om elektriske forsyningsanlegg*, og vert varetekne av Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap.

Etter vilkår i områdekonsesjonen skal områdekonsesjonær leggje fram planar for ny nettilknytning og eventuell forsterkning for kommune, Statsforvaltar, grunneigarar og andre råka partar for fråsegn. Ved usemje om løysingar kan områdekonsesjonær leggje saka fram for NVE, som då vil handsame saka som ein anleggskonsesjon.

Verknadene av nettilknytninga har inngått i NVE si heilskapsvurdering av kraftverksplanane. Jordkabelen skal leggjast langs eksisterande veg til inntaksdammen til Neselva I kraftverk. Denne vegen vil verte permanent tilkomstveg til kraftstasjonen for Neselva II kraftverk og oppgraderast til 3,5 m breidd. Legging av jordkabelen her vil difor ikkje føre til nye nemneverdige inngrep.

NVE har ikkje gjort ei eiga vurdering av kapasiteten i nettet, og tiltakshavar er sjølv ansvarleg for at avtale om nettilknytning er på plass før byggjastart. NVE vil ikkje handsame detaljplanar før tiltakshavar har dokumentert at det er tilgjengeleg kapasitet og at kostnadsfordelinga er avklart. Slik dokumentasjon må liggje føre samstundes med innsending av detaljplanar for godkjenning, jf. posten til konsesjonsvilkåra 4.

### Forholdet til plan- og bygningslova

*Forskrift om byggjesak (byggjesakforskrifta)* gjev saker som er underlagde konsesjonshandsaming etter vassressurslova fritak for byggjesakshandsaming etter plan- og bygningslova. Dette føreset at tiltaket ikkje er i strid med kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande reguleringsplanar. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan setjast i verk.

### Forholdet til forureiningslova

Det må søkjast Statsforvaltaren om naudsynt avklaring etter forureiningslova i anleggs- og driftsfasen. NVE har ikkje styresmakt til å gje vilkår etter forureiningslova.



## Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova

### Post 1: Vasslepp

Følgjande data for vassføring og slukeevne er henta frå konsesjonssøknaden og lagt til grunn for NVE sin konsesjon og fastsetjing av minstevassføring:

Middelvassføring	l/s	2470
Alminneleg lågvassføring	l/s	140
5-persentil sommar	l/s	930
5-persentil vinter	l/s	120
Maksimal slukeevne	m <sup>3</sup> /s	4,5
Maksimal slukeevne i % av middelvassføring	%	182
Minste driftsvassføring	l/s	450

Søkjjar OK Energi har føreslege ei minstevassføring på 200 l/s i perioden 01.05.-30.09 og 100 l/s i perioden 01.10-30.04, som er høvesvis 22 % av 5-persentilen for sommar og 83 % av 5-persentilen for vinter.

Statsforvaltaren i Vestland rår ifrå løyve i si høyringsfråsegn grunna samla belastning i området, men ved ein eventuell konsesjon legg dei vekt på at minstevassføringa om sommaren må aukast til 5-persentilnivå. Dette for å ivareta dei viktige naturtypene knytt til elva, og for å oppretthalde fossen og elva som tydelege landskapselement i ein periode av året med normalt høg vassføring. Vestland fylkeskommune legg i si tilleggsfråsegn vekt på at det er viktig med ei tilstrekkeleg høg minstevassføring for å sikre det akvatiske økosystemet i elva.

NVE meiner som søkjjar og høyringspartane at det må sleppes vatn forbi inntaket til kraftverket heile året for å avbøte konsekvensane for fuktkrevjande artar, naturtypar, botndyrfauna og eventuell fisk, og av landskapsomsyn. For fossefall meiner vi at noko minstevassføring for å ivareta næringstilgang i kombinasjon med etablering av hekkedassar, vil vere tilstrekkeleg for å oppretthalde elva som leveområde for arten.

I våre vurderingar av minstevassføring har vi lagt mest vekt på dei verdifulle naturtypene bekkekløft og fossesprøytzone, som òg inneheld dei raudlista naturtypene fosseberg (VU) og fosseeng (VU). For å ivareta desse naturtypene, meiner vi at eit slepp på 200 l/s er alt for lågt sidan den naturlege vassføringa i vassdraget i sommarhalvåret er betydeleg høgare. Omsøkt slukeevne vil ivareta noko av vassdraget sin naturlege vassføringsdynamikk ved at det er overløp eit visst tal dagar i året. Likevel vurderer NVE at omsynet til regionalt viktige naturtypar i denne saka tilseier at det må stillast høge krav til vassføring på omsøkt elvestrekning. Bidraget frå restvassføringa er lågt (32 l/s ved kraftstasjonen), og vil i liten grad bida til vassføringa på utbyggingsstrekninga.

Vi har i tillegg lagt noko vekt på omsynet til fossen og elva som landskapselement, då Neselva ligg i eit område der eit høgt tal fossar og ein betydeleg del av vasskraftpotensialet har vorte bygt ut. For å ivareta landskapselementet meiner NVE at det er naudsynt med ein viss storleik på minstevassføringa. I sommarhalvåret er den naturlege vassføringa i vassdraget til tider svært høg. Å redusere vassføringa heilt ned til 200 l/s slik søkjjar foreslår, meiner NVE vil gjere at fossen framstår utan noko særleg inntrykkstyrke og vil dimed miste sin verdi. Vi syner her til at vassføringa



før ei utbygging i sommarhalvåret sjeldan går under 4000 l/s i middels våte år, og ofte er betydeleg høgare enn dette (figur 1A).

5-persentilen, slik som Statsforvaltaren ber om, er eit vanleg nivå for minstevassføring for nyare utbyggingar som vil påverke viktig naturmiljø eller landskap. Tilstrekkeleg høg minstevassføring om sommaren er i denne saka viktig for å sikre nok fukt i bekkekløfta og fossesprøytsone i vekstsesongen. Det er òg viktig for å oppretthalde fossen og elva som tydelege landskapselement. Minstevassføring vil i større grad enn overløp over dammen sikre ein stabil og føreseieleg tilførsel av vatn gjennom året, noko som er gunstig for dei verdifulle naturtypene. Vidare er det naudsynt med noko minstevassføring i vinterhalvåret for å sikre at den fosse-engliknande vegetasjonsutforminga nedstraums fossen ikkje gror att. Vi meiner likevel at minstevassføringa gjennom vinterhalvåret er mindre viktig sidan dette er utanom vekstsesongen til dei fleste artar.

Ut frå dette fastset NVE ei minstevassføring på 930 l/s i tida 01.05.-30.09. Dette for å i nokon grad avbøte at forholda i dei verdifulle naturtypene vert tørrare og etterlikne dei naturlege hydrologiske svingingane i elva, og av landskapsomsyn. For perioden 01.10-30.04. fastset NVE ei minstevassføring på 100 l/s, i tråd med forslaget til søkjar. Basert på NVE sine estimat vil dette gje ein redusert produksjon på ca. 1,6 GWh/år samanlikna med minstevassføringane for sommar og vinter som er føreslege i søknaden. Samla produksjon vil da verte på 9,5 GWh/år. Etter vårt syn er ikkje denne reduksjonen avgjerande for økonomien i prosjektet.

Dersom tilsiget ved inntaket er mindre enn minstevassføringskravet, skal heile tilsiget verte sloppe forbi inntaket. NVE presiserer at start-/stoppkøyring av kraftverket ikkje skal finne stad. Kraftverket skal køyrast jamt. Inntaksbassenget skal ikkje nyttast til å oppnå auka driftstid, og det skal berre vere små vasstandsvariasjonar knytt til opp- og nedkøyring av kraftverket. Dette er primært av omsyn til naturmangfaldet og mogleg erosjonsfare.

#### *Post 4: Godkjenning av planar, landskapsmessige forhold, tilsyn osv.*

Detaljerte planar skal leggjast fram og godkjennast av NVE før arbeidet vert sett i gong. Før utarbeiding av tekniske planar for dam og vassveg kan setjast i gong, må søknad om konsekvensklasse for gjeven alternativ vere sendt NVE og vedtak fatta. Konsekvensklassa er bestemmande for tryggingsskrava som vert stilte til planlegging, bygging og drift, og må difor vere avklart før arbeidet med tekniske planar startar.

NVE sitt miljøtilsyn vil ikkje ta planar for landskap og miljø til handsaming før anlegget har fått vedtak om konsekvensklasse.

NVE vil ikkje godkjenne planane før det er dokumentert at det er tilgjengeleg kapasitet i nettet og at kostnadsfordelinga er avklart, jamfør merknadene våre under avsnittet «Forholdet til energilova».

Vi viser òg til merknadene i posten til vilkåra 6 nedanfor, om kulturminne.

Tabellen under angjev rammene som ligg til grunn for konsesjonen. NVE presiserer at alle føringar og krav som er nemnde i dokumentet gjeld.

NVE har gjeve konsesjon på følgjande føresetnader:



Inntak	Inntaksdammen skal plasserast som omsøkt på kote 290, nedstraums den midtre store fossen med tilhøyrande fossesprøytzone. Dette kan ikkje endrast i detaljplanen.  Endeleg utforming av inntak vert bestemt i detaljplanen.
Vassveg	Søknaden oppgjev at røygata skal gravast ned på heile strekninga. Dette kan ikkje endrast i detaljplanen.
Kraftstasjon	Kraftstasjonen skal plasserast i tråd med det som er oppgjeve i søknaden, men nøyaktig plassering kan justerast i detaljplanen.  Kraftstasjonen må utformast på ein slik måte at støy frå stasjonen vert minimert. Endeleg utforming av kraftstasjonen vert bestemt i detaljplanen.
Største slukeevne	Søknaden oppgjev 4,5 m <sup>3</sup> /s. Denne kan ikkje endrast i detaljplanen.
Minste driftsvassføring	Søknaden oppgjev 0,45 m <sup>3</sup> /s. Denne kan ikkje endrast i detaljplanen.
Installert effekt	Søknaden oppgjev 3,4 MW.
Talet på turbinar/turbintype	Søknaden oppgjev 2 Francis-turbinar. Talet på turbinar og turbintype kan justerast ved detaljplanen.
Veg	Det skal ikkje etablerast nye vegar, men eksisterande veg opp til inntaket til Neselva I kraftverk skal utbetrast til permanent tilkomstveg for kraftstasjonen i Neselva II.
Avbøtande tiltak	Det skal settast opp predatorsikre hekkedasser på eigna stader på utbyggingsstrekninga. Dette skal gjerast i samråd med biolog som kan rettleie gunstig plassering av hekkedassene.  Den stadeigne veksttorva skal leggjast til side og nyttast til naturleg revegetering av røygata når arbeida er ferdige.

Dersom det ikkje er oppgjeve spesielle føringar i tabellen ovanfor kan mindre endringar godkjennast av NVE som del av detaljplangodkjenninga. Dersom det er endringar skal dette gå tydeleg fram ved oversending av detaljplanane.

#### *Post 5: Naturforvaltning*

Vilkår for naturforvaltning vert teke med i konsesjonen. Eventuelle pålegg i medhald av dette vilkåret må vere relaterte til skadar forårsaka av tiltaket, og stå i rimeleg forhold til storleiken og verknadene av tiltaket.

#### *Post 6: Automatisk freda kulturminne*

NVE føreset at utbyggjar tek den naudsynte kontakten med fylkeskommunen for å avklare forholdet til kulturminnelova § 9 før innsending av detaljplan. Vi minner vidare om den generelle



aktsemdsplikta med krav om varsling av aktuelle instansar dersom det vert støytt på kulturminne i byggjefasen, jamfør kulturminnelova § 8 (jamfør vilkåras pkt. 3).

*Post 8: Tersklar osv.*

Dette vilkåret gjev heimel til å påleggje konsesjonær å etablere tersklar eller gjennomføre andre biotopjusterande tiltak dersom dette skulle vise seg å vere naudsynt.

*Post 10: Registrering av minstevassføring osv.*

Det skal etablerast ei måleanordning for registrering av minstevassføring. Den tekniske løysinga for dokumentasjon av slepp av minstevassføringa skal godkjennast gjennom detaljplanen. Data skal leggjast fram til NVE på førespurnad og oppbevarast så lenge anlegget er i drift.

Ved alle stader med pålegg om minstevassføring skal det setjast opp skilt med opplysingar om vassleppreglar som er lett synleg for ålmenta. NVE skal godkjenne merking, utforming og plassering av skilta.



## Vedlegg - Detaljkart over tiltaket

